For å understøtte oppfølging av undersøkinga er det utforma ein overordna anbefala prosess regionalt. Nokre verksemder har utforma eigne prosessar, men mykje av innhaldet er likt. Den overordna prosessen er vist i figuren under.



*Leiar ber om bistand frå HMS-, kvalitets-, og pasienttryggleiksrådgivarar i den grad det er behov for dette. Resultata kan legges frem for AMU og FAMU ved behov.

Anbefala overordna prosess for oppfølging og forbetring av resultat frå ForBedring

Resultatat vil og bli drøfta med tillitsvalde og vernetenesta. Tiltak vil bli vurdert fortløpande og iverksatt der det er behov for det.

SAK 028-20

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 22.04.2020
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Rune Thunes og Leif Nordland
SAKA GJELD: **Areal for Helse Vest IKT på lengre sikt**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 028/20 B

STYREMØTE: 29.04.2020

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret støtter forslag frå administrasjonen med omsyn til areal for Helse Vest IKT på lengre sikt og ber administrasjonen fylgje dette opp i tråd med tilråding frå styret.*


Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka lagt fram ei vurdering av arealbehov på lengre sikt, samt skissert mulige løysingar.

Fakta

Helse Vest IKT har tilsette i mange ulike bygg, dette gjeld særlig i Bergen. Det har vore utfordringar med å finne egna lokalar ved nødvendig utviding av kapasitet. Fylgjande viser status for areal på dei ulike lokasjonane;

- I Stavanger har Helse Vest IKT tilsette i 2 ulike bygg; Gartnerveien og Stavanger Universitetssjukehus.
- I Haugesund har Helse Vest IKT tilsette i 2 ulike bygg; Øvregaten og Haugesund Sjukehus.
- I Førde har Helse Vest IKT tilsette i 2 ulike bygg; Førdegården og Førde Sentralsjukehus. Det vert arbeid med areal på Sentralsjukehuset knytt til plassering og behov for auka areal.
- I Bergen har Helse Vest IKT tilsette i 6 ulike bygg (jfr. bilde nedanfor); IKT-bygget, Utsikta, Knausen, Haukelandsbakken 45, alle eigd av Helse Bergen HF. I tillegg leiger Helse Vest IKT areal i Ibsensgate 104 og Edvard Griegsvei 3. Helse Vest IKT har i tillegg midlertidig leigd lokalar til LIBRA-programmet i Bergen Media City.



Drøfting

I resultat frå Forbetring 2020 (styresak 027/20) scorer Helse Vest IKT lågt på samarbeid med andre einingar, og fysisk arbeidsmiljø i dagens lokalar. Det er også utfordringar med for lite kontorplass, møterom og stillerom i deler av areal, spesielt gjeld dette Bergen.

Når nye lokalar vert vurdert må ein også ta omsyn til ønske om lokalar som legg til rette for sykling til arbeidsplass, bruk av offentlig kommunikasjon og anna tilrettelagt infrastruktur som kan bidra til at Helse Vest IKT framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Eit godt arbeidsmiljø er avhengig av god tilrettelegging, tilstrekkeleg med plass og krav om tilrettelegging på noe områder vi kan ikkje tilby i dag, til dømes god sykkelparkering, m.v.

Ei prosjektgruppe med seksjonsleiarar og vernetenesta har vurdert om det er mulig å samle tilsette på så få som mulig lokasjonar, fortrinnsvis ein lokasjon i kvar by. Det har vore dialog med helseføretaka og eksterne utleigarar for å finna egna lokalar, med sikte på flytting i 2022/2023. Det vil være ei utfordring å finne egna lokalar som er ledige på same tid som når dagens leigekontraktar går ut. Administrasjonen vurderer det derfor slik at det er fare for «dobbel» husleige i nokre periodar. Dette må det i så fall forhandlast med utleigar, evnt. ved å gjere bruk av framleige.

I Haugesund er det dialog med huseigar om mulig leige av meir areal, administrasjonen vurderer dette slik at det kjem på plass i løpet av 2020. Dette vil dekke framtidig behov for tal på arbeidsplassar. Det er i tillegg dialog med Helse Fonna om leige av areal i nytt sjukehus, noko som kan redusere framtidig behov for ytterlegare areal hos eksterne.

I Førde er det inntil vidare ingen planer om leige av meir areal, men det er dialog med Helse Førde om leige av meir areal på sjukehuset. Dette vil dekke framtidig behov for tal på kontorplassar.

I Stavanger er det viktig for Helse Vest IKT å flytte til lokalar nærare det nye sjukehuset på Ullandhaug. Helse Vest IKT har vore i dialog med Helse Stavanger og med eksterne. Administrasjonen er av det syn at det er mulig å inngå leigeavtale i eksterne areal nær det nye sjukehuset, jfr. illustrasjon nedanfor. Det er i tillegg dialog med Helse Stavanger om leige av noko areal i sjukehuset knytt til utlevering av IKT-utstyr.

Ei flytting frå Gartnerveien til Ullandhaug vil sannsynligvis føre til at ny leigeavtale må etablerast før dagens kontrakt i Gartnerveien utgår, noko som kan gje «dobbel» husleige i ein overgangsperiode. Alternativ som vert vurdert på Ullandhaug vil dekke framtidig behov for tal på arbeidsplassar i Stavanger.



I Bergen er administrasjonen av det syn at det vil være eit stort fortrinn for Helse Vest IKT om det er mulig å samla alle tilsette i eit felles lokale. Situasjonen i Bergen er i dag prega av det faktum at Helse Vest IKT er fordelt på 6 ulike bygg. Rett nok er det gangavstand mellom desse, men det tek inntil 20 minutt mellom bygg med størst avstand. Parkering er avgrensa, dermed vert det ofte heller brukt video/telefon også internt i Bergen.

Alternativt å fordele tilsette på fleire bygg, men redusere til færre bygg enn i dag. Det er ei utfordring å finne lokalar som kan romme alle tilsette på lengre sikt. I dialog med Helse Bergen framstår det lite sannsynlig at Helse Vest IKT kan samle alle i eit bygg eigd av Helse Bergen. Helse Bergen har også gitt uttrykk for at dei har ønskje om flytte frå eksternt leigde lokalar til eigne areal. I tillegg vil leigekontrakt i Haukelandsbakken 45 gå ut i 2022/2023 grunna bygging av nytt Protonsenter.

Helse Vest IKT har derfor sett på mulighet for å leige lokaler i nærleiken av Haukeland Universitetssykehus, men tilgjenge på egna lokalar og kostnadsnivå gjør det utfordrande å samle alle i eit bygg.

Helse Vest IKT har vurdert følgende alternativ:

1. Leige av nye lokalar som samlar alle tilsette i eit bygg leigd frå eksterne i nærleiken av Haukeland Universitetssykehus, fortrinnsvis i Kronstadparken.
2. Leige av lokalar i IKT-bygget (eigd av Haukeland Universitetssykehus), Ibsensgate 104 og nye, eksterne lokaler, fortrinnsvis i Kronstadparken.
3. Vidareføre leige av lokalar som i dag, men med tillegg av lokalar for å handtere framtidig vekst og endringar i dialog med Helse Bergen HF ved utflytting av Haukelandsbakken 45.

Administrasjonen er av det syn at leige av underetasjen i IKT-bygget ved Haukeland Universitetssykehus er viktig både for Helse Bergen og for Helse Vest IKT. Effektiv handtering av utlevering/innlevering/reparasjon av IKT-utstyr krev at Helse Vest IKT har tilgang til areal på «campus» for Haukeland Universitetssykehus. Dette vil bli fulgt opp med Helse Bergen HF.

Administrasjonen er framleis av det syn at det bør vere ei målsetting å kunne samle alle tilsette i Bergen (utover IKT-bygget) i eit bygg. Dei sonderingane som er gjort så langt, viser ein relativt stor differanse i kostnadsnivået mellom dagens avtale i Ibsensgate 104 og potensielle framtidige areal i Kronstadparken, illustrert med bilde til høgre.



Administrasjonen har difor tvilt seg fram til ei tilråding om bruk av to leigeareal for Helse Vest IKT i Bergen, dvs. vidareføring av Ibsensgate 104 og etablering av nytt leigeforhold i Kronstadparken (same

område som Sykehusinnkjøp HF, Divisjon Vest har flytta til). Samtidig er leiargruppa i Helse Vest IKT av det syn at denne todelinga av organisasjonen i Bergen vil kunne vere ei *ulempe* på mange områder.

I forslaget til økonomisk langtidsplan er det tatt utgangspunkt i alternativ 2. Argumentasjonen for dette alternativet er eine og aleine kostnadsnivået. Administrasjonen ber derfor om å få høve til å vidareføre dialogen med potensielle utleigarar i Kronstadparken, i den hensikt å avklare kostnadsdifferansen mellom alternativ 1 og 2.

Samla sett vil Helse Vest IKT med dette få lokalar nært nytt sjukehus i Stavanger, og Helse Vest IKT får samla tilsette i færre lokasjonar i Bergen. Det vert tilrådd at endeleg konklusjon når det gjeld Bergen vert teke etter at konkrete tilbod om leigeareal er forhandla fram.

Administrasjonen reknar med risiko for ein periode med «dobbel» husleige i Stavanger. Dette er det teke omsyn til i budsjettet nedanfor.

Administrasjonen har, med utgangspunkt i alternativ 2, ikkje lagt inn tilsvarande i Bergen i langtidsbudsjettet.

Plan for areal på lengre sikt gir fylgjande utvikling i kostnadsnivået, jfr. tabell nedanfor.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Husleige	25 937	28 912	34 827	38 515	38 515	38 515

Konklusjon

Ved å samle tilsette i Bergen i færre bygg, samt flytte nærmare nytt sjukehus i Stavanger vil Helse Vest IKT kunne få betre samarbeid på tvers av seksjonar, betre effektivitet, og betre arbeidsmiljø i lokalar som er meir egna til understøtte Forretningsplanen for Helse Vest IKT. Helse Vest IKT vil også kunne løyse utfordringar i dagens situasjon med for lite plass i enkelte bygg, og legge til rette for å kunne handtere framtidig vekst.

Administrasjonen vil fortsette dialogen med helseføretaka og med eksterne utleigarar med sikte på å inngå avtaler om egna lokalar med innflytting i perioden 2021 – 2023.

SAK 029-20

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 20.04.2019

SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Leif Nordland

SAKA GJELD: Økonomisk langtidsplan Helse Vest IKT for 2021 - 2025

ARKIVSAK:

STYRESAK: 029/20 B

STYREMØTE: 29.04.2020

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar økonomisk langtidsplan Helse Vest IKT AS for 2021 - 2025.

Oppsummering

Viser til sak 09/20 O der administrasjonen la fram ei «løypemelding» for arbeidet med langtidsbudsjett for 2021 – 2025.

Fakta

Viser til sak 09/20, der fylgjande vart protokollert;

«Sak 09/19 O Langtidsbudsjett for Helse Vest IKT AS 2021 – 2025

Oppsummering:

Administrasjonen la fram ei løypemelding i arbeidet med langtidsbudsjett 2021 – 2025. Forslag til langtidsbudsjett vil bli lagt fram for styret til vedtak i styremøte 29.04.2020. Administrasjonen vil ha dialog med helseføretaka, byggeprosjekt og portefølje for å vurdere og prioritere dei ulike behova.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.»

Administrasjonen har lagt fram forslag til økonomisk langtidsplan for perioden 2021 – 2025, jfr. vedlegg 1. Det er i stor grad brukt fordelingsnøklar og sjablongar framfor konkrete vurderingar av kva system som skal prioriterast i investeringsporteføljen. Helse Vest IKT har hatt dialog med Felles Arkitektur- og porteføljekontor og helseføretaka i arbeidet.

Det er noko større usikkerheit i økonomisk langtidsplan enn vanleg, dette skuldast at fokus har vore på Korona-tiltak.

Konklusjon

Administrasjonen har lagt fram eit forslag til økonomisk langtidsplan for perioden 2021 – 2025. Framlegget til økonomisk langtidsplan er Helse Vest IKT sitt beste overslag over våre inntekter og dermed føretaka sine kostnader for perioden 2021 – 2025, alt i 2020-kroner og utan justeringar for pris og lønsvekst i perioden.

Økonomisk langtidsplan 2021 - 2025

Oppsummering

Framlegget til økonomisk langtidsplan er Helse Vest IKT sitt beste overslag over våre inntekter og dermed føretaka sine kostnader for perioden 2021 – 2025, alt i 2020-kroner og utan justeringar for pris og lønsvekst i perioden. Det er i stor grad brukt fordelingsnøklar og sjablongar framfor konkrete vurderingar av kva system som skal prioriterast i investeringsporteføljen. Helse Vest IKT har hatt dialog med Felles Arkitektur- og porteføljekontor og noko kontakt med HF'a i arbeidet med langtidsbudsjettet.

Føresetnader, føringar og usikkerheit

- *Alle tal er i 2020 kroneverdi.*
- *Det er ikkje teke høgde for eventuelle endringar i SLA som får kostnadskonsekvensar.*
- *Økonomisk langtidsplan for portefølje drift og investering vart vedtatt i Porteføljestyret 20. april.*
- *Eventuell driftsform utanfor eigen organisasjon for løysingar relatert til AMK, Prehospital EPJ og andre nasjonale prosjekt er det ikkje teke høgde for, men alt er lagt inn saman med portefølje og ordinær drift.*

Økonomisk langtidsplan 2021 – 2025

Økonomisk langtidsplan (tal i 1 000)	Budsjett 2020	Økonomisk langtidsplan				
		2021	2022	2023	2024	2025
Salsinntekter - Tenester HF	1 087 768	1 187 400	1 244 113	1 277 189	1 332 054	1 335 422
Salsinntekter - Tenester Øvrige	54 502	60 728	63 370	64 877	67 475	67 494
Salsinntekter - Varer	27 770	27 770	27 770	27 770	27 770	27 770
Salsinntekter - Anna/Tilskudd	26 178	23 857	23 857	23 857	23 857	23 857
Sum Salsinntekter	1 196 218	1 299 755	1 359 110	1 393 692	1 451 156	1 454 542
Driftskostnader - Varer	27 770	27 770	27 770	27 770	27 770	27 770
Driftskostnader - Personal	396 919	434 072	454 141	465 883	474 294	469 822
Driftskostnader - Avskrivningar	298 738	329 215	329 998	341 219	376 666	374 388
Driftskostnader - Eksterne tenester	76 414	79 886	78 288	76 722	80 188	83 584
Driftskostnader - Lisensar	269 059	290 866	320 710	329 174	338 045	342 134
Driftskostnader - Reise	8 346	7 835	7 677	7 460	6 981	6 632
Driftskostnader - Linjeleie	30 540	31 539	32 039	32 039	32 039	32 039
Driftskostnader - Anna	68 433	71 572	77 486	79 424	78 174	78 174
Sum Driftskostnader	1 176 218	1 272 755	1 328 110	1 359 692	1 414 156	1 414 542
Driftsresultat	20 000	27 000	31 000	34 000	37 000	40 000
Inntekt - Finans	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Kostnad - Finans	20 000	27 000	31 000	34 000	37 000	40 000
Sum Finans	-19 000	-26 000	-30 000	-33 000	-36 000	-39 000
Resultat	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000

I fordeling mellom helseføretaka er det i stor grad brukt overordna fordelingsnøklar, og ikkje fordeling av kvar enkelt teneste som ein gjør i årsbudsjettet. Fordelinga vil derfor kunne variere noko mellom økonomisk langtidsplan og årsbudsjett.

Inntekt per HF (tal i 1 000)	Budsjett 2020	Budsjettert inntektsside detaljert				
		2021	2022	2023	2024	2025
SUM Helse Stavanger HF	277 055	304 330	322 908	338 013	339 324	338 054
- Varer	7 540	7 540	7 540	7 540	7 540	7 540
- Portefølje	24 530	27 519	27 519	27 519	30 271	33 023
- Arbeidsoppdrag	214	250	250	250	250	250
- Byggeprosjekt	5 000	9 391	14 991	24 175	5 508	-
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	239 771	259 630	272 608	278 529	295 755	297 240
SUM Helse Fonna HF	156 498	172 055	176 041	179 121	189 659	190 104
- Varer	6 100	6 100	6 100	6 100	6 100	6 100
- Portefølje	12 783	14 341	14 341	14 341	15 775	17 209
- Arbeidsoppdrag	231	200	200	200	200	200
- Byggeprosjekt	3 000	5 899	2 612	2 373	1 822	-
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	134 384	145 515	152 788	156 107	165 762	166 594
SUM Helse Bergen HF	483 262	525 693	552 449	563 514	594 114	597 305
- Varer	8 800	8 800	8 800	8 800	8 800	8 800
- Portefølje	37 658	42 248	42 248	42 248	46 473	50 698
- Arbeidsoppdrag	59	100	100	100	100	100
- Byggeprosjekt	3 000	4 875	8 155	8 508	3 721	-
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	433 745	469 670	493 146	503 858	535 020	537 707
SUM Helse Førde HF	120 016	131 557	136 366	139 013	147 592	147 891
- Varer	1 760	1 760	1 760	1 760	1 760	1 760
- Portefølje	10 537	11 822	11 822	11 822	13 004	14 186
- Arbeidsoppdrag	365	100	100	100	100	100
- Byggeprosjekt	1 000	2 713	1 765	1 786	1 541	-
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	106 354	115 163	120 919	123 545	131 186	131 845
SUM Sjukehusapoteka Vest HF	21 895	21 992	22 966	23 410	24 801	25 009
- Varer	530	530	530	530	530	530
- Portefølje	864	969	969	969	1 066	1 163
- Arbeidsoppdrag	2 500	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	18 002	19 493	20 467	20 911	22 205	22 316
SUM Helse Vest RHF	54 341	57 142	58 753	59 487	61 935	62 430
- Varer	570	570	570	570	570	570
- Portefølje	2 764	3 101	3 101	3 101	3 411	3 721
- Arbeidsoppdrag	21 250	21 250	21 250	21 250	21 250	21 250
- Tjenester øvrige (app, infra, leie osv)	29 757	32 221	33 832	34 567	36 704	36 889

Investeringar og portefølje

I samråd med Felles Arkitektur- og Porteføljekontor har ein sett det totale investeringsnivået, og spesielt vurdert behov for auke i infrastrukturen. IKT-infrastrukturen er ein nødvendig føresetnad for at dei løysingane vi bygger oppå skal fungere tilfredsstillande og sikkert. Det er særleg sett på støtte til nye behov som digitalisering av signalanlegg, underliggande infrastruktur Imatis-løysingar, plattform for mobilitet, medisinsk avstandsoppfølging og prioritering av datatrafikk i kjernenett.

I løpet av 2021/2022 vil fleire av dei store innføringane være ferdig, og ein vil gå inn i ein fase med meir forbetningsarbeid enn innføring av nye store løysingar, sjølv om nokre område som laboratoria, operasjonsplanlegging og prehospitallt fortsatt står igjen. Dette vil gi ei endring frå investering til drift, noko som vil auke kostnader som blir vidarefakturert frå Helse Vest IKT, og redusere investeringane tilsvarende. Forventa ressursinnsats frå Helse Vest IKT og frå helseføretaka i langtidsperioden vil med det være på nokolunde same nivå som i 2020/2021.

PROSJEKTKOSTNADER	Prognose prosjektkost (2020)		Budsjett prosjektkost 2021		Budsjett prosjektkost 2022		Budsjett prosjektkost 2023		Budsjett prosjektkost 2024		Budsjett prosjektkost 2025	
	INVESTERING aktiverbar	Kostnader ikke aktiverbar	INVESTERING aktiverbar	Kostnader ikke aktiverbar	INVESTERING aktiverbar	Kostnader ikke aktiverbar	INVESTERING aktiverbar	Kostnader ikke aktiverbar	INVESTERING aktiverbar	Kostnader ikke aktiverbar	INVESTERING aktiverbar	Kostnader ikke aktiverbar
Forslag til langtidsbudsjett 2021 - 2025	476 000	90 000	450 000	100 000	400 000	100 000	400 000	100 000	400 000	110 000	400 000	120 000
Andel avtalt/planlagt aktivitet												
i program og prosjekt	318 656	94 812	242 648	93 765	126 025	67 551	24 977	4 559	0	0	0	0
Andel til disposisjon	14 000	0	60 000	10 000	120 000	30 000	230 000	95 000	260 000	110 000	260 000	120 000
Sum program og prosjekt	332 656	94 812	302 648	103 765	246 025	97 551	254 977	99 559	260 000	110 000	260 000	120 000
Sum infrastruktur	161 000	0	146 090	0	151 425	0	142 350	0	138 263	0	141 188	0
Sum portefølje	493 656	94 812	448 738	103 765	397 450	97 551	397 327	99 559	398 263	110 000	401 188	120 000
Avvik budsjetttramme	-17 656	-4 812	1 262	-3 765	2 550	2 449	2 673	441	1 737	0	-1 188	0

Økonomisk langtidsplan for portefølje vart vedtatt i Porteføljestyret 20. april, og legg føringar for økonomisk langtidsplan for Helse Vest IKT.

Gevinstar i porteføljen vert rapportert av program- og prosjektleiing til Felles Arkitektur- og Porteføljekontor, og er ikkje en del av rapporteringa internt i Helse Vest IKT.


I tillegg til investeringar i porteføljen kjem investeringar frå føretaka, mellom anna til trådløst nett og føretaksvise investeringar. Dette er lagt inn eit litt lågare nivå enn i budsjett 2020 (investeringar til nybygg hos helseføretaka er ikkje med i dette).

Det er også lagt inn tillegg for arbeidsoppdrag frå helseføretaka med same nivå som i 2020.

Byggeprosjekt

I planlegginga av innsats frå Helse Vest IKT til byggeprosjekta er det tett dialog med dei ulike byggeprosjekta, og leveransebeskriving viktig, dei skal regulere leveransane, og fungere som ei bestilling til Helse Vest IKT. Budsjetta skal så understøtta disse.

Ressursbehovet som er lagt til grunn for langtidsbudsjettet:



Dette gir følgende budsjett fordelt per HF:

ÅR 2020 Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	2 550	426	1 183	237	4 396
Lokalt Byggeprosjekt	2 986	3 042	1 908	1 410	9 346
Reiser	87	15	40	8	150
Utstyr					
SUM	5 623	3 482	3 131	1 656	13 892
ÅR 2021 Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	4 105	687	1 904	382	7 078
Lokalt Byggeprosjekt	5 198	5 198	2 931	2 323	15 650
Reiser	87	15	40	8	150
Utstyr		2 354			2 354
SUM	9 391	8 253	4 875	2 713	25 232
ÅR 2022 Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	4 619	772	2 142	430	7 963
Lokalt Byggeprosjekt	10 286	1 825	5 972	1 327	19 410
Reiser	87	15	40	8	150
Utstyr					
SUM	14 991	2 612	8 155	1 765	27 524
ÅR 2023 Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	4 843	810	2 246	451	8 350
Lokalt Byggeprosjekt	19 244	1 548	6 221	1 327	28 341
Reiser	87	15	40	8	150
Utstyr					
SUM	24 175	2 373	8 508	1 786	36 842
ÅR 2024 Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	2 213	370	1 026	206	3 816
Lokalt Byggeprosjekt	3 207	1 438	2 654	1 327	8 627
Reiser	87	15	40	8	150
Utstyr					
SUM	5 508	1 822	3 721	1 541	12 593
ÅR 2025 Budsjett (tall i 1000 NOK)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
Regionalt Byggeprosjekt	0	0	0	0	0
Lokalt Byggeprosjekt	0	0	0	0	0
Reiser	0	0	0	0	0
Utstyr					
SUM	0	0	0	0	0

Utstyr er budsjettert i dei lokale byggeprosjekta, og er ikkje tatt inn i Helse Vest IKT sitt langtidsbudsjett, sjølv om det kan være aktuelt å nytte rammeavtaler/anbod som går via Helse Vest IKT.

Lisens og vedlikeholdsavtaler nye løysingar

Fleire av dei store innføringsprosjekta går over i ordinær forvaltning i løpet av 2021 og 2022, dette gjeld Dips Arena, Meona (KULE), Imatis og Libra (SAP). Dette gir ei vesentleg auke i årlege lisenskostnadar og avskrivningar frå 2021. I tillegg kjem innføring av Digital Patologi og AMK i slutten av langtidsperioden. Avskrivningar av felles EPJ-løysing (Dips) er ferdig i 2021, noko som reduserer avskrivningane frå 2022.

Innføring av skytenester vil gi nye muligheiter, men også auka kostnadar i ein overgangsperiode. Helse Vest IKT har gjennomført prosjektet «Skytenester», der vi har sett på grunnlaget for å kunne tilby skytenester gjennom Microsoft si løysing «Azure», og dei organisatoriske endringane som kan komme som følge av det. I dialogen med Helseføretaka er det særleg bruken av intranet (Sharepoint) og samhandlingsløysing (Teams) i sky som har vore etterspurt.

Det er stor usikkerheit i vurdering av behov for ulike brukargrupper, noko som gir usikkerheit i framtidig lisenskostnad. I ein overgangsperiode (2 – 3 år) vil vi måtte ha ein «hybridmodell» med både skyteneste og lokalt drifta teneste saman. Dette gir utfordringar i teknisk/forvaltningsmessig samanheng. Skytenester vil gi auka kostnadar til leige av lisensar og forvaltning av løysingar, men også gi innsparing ved redusert behov for server/lagring og tilhørande forvaltning. Det er ikkje tatt omsyn til eventuell priskorrigerings mot dollarkurs.

Utfasing av system som blir erstatta gjennom konsolidering LIBRA

Systema som er i bruk i dag for økonomi vil bli erstatta med konsolidert, regional løysingar gjennom prosjekt LIBRA, og bortfall av lisenskostnad på dagens løysingar (Oracle Financials og Visma) er tatt inn.

Tilsette og ekstern innleie.

Det er utfordrande å gi eit godt anslag på nødvendig bemanning i langtidsperioden, og kor mykje som vil bli løyst med eigen bemanning, og kor mykje ein vil kjøpe av tenester frå andre i til dømes skyløysingar, nasjonale løysingar og i samhandling med pasientar, fastlegar og kommunehelsetenesta. Helse Vest IKT har auka bemanninga med om lag 7% årleg dei siste åra, og har i tillegg fått nye medarbeidarar i verksemdsoverdragningar som tele/signal, EPJ-fagsenter og Libra forvaltning. I utkastet til langtidsbudsjett er det lagt inn ei ramme med på 4% i 2021, 3% i 2022, 2% i 2023, -1% i 2024, og 0% i 2025, men her er det fleire område med stor usikkerheit.

I området byggstøtte er det foreløpig etterspurt om lag 12 årsverk i 2020, om lag 21 årsverk i 2021, og det er venta ytterlegare auke fram til 2023, for deretter å få en nedgang til 0 i 2025.

Bemanning	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Budsjett ved utgangen av året	645	670	690	705	695	695
Årleg endring		25	20	15	-10	0

I forslag til portefølje er det lagt opp til nokolunde same totalnivå i langtidsperioden, men fordelinga mellom investering og ikkje-aktiverbar endrar seg. Dette vil også endre talet på timar levert frå Helse Vest IKT som balanseførast som investering. I budsjettet for 2020 er det lagt opp til ei fordeling med 67% av timane til investering og 33% av timane til ikkje-aktiverbart. I langtidsbudsjettet er det lagt opp ein endring med færre timar til investering, noko som aukar personalkostnaden i driftsbudsjettet.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Personalkost	396 919	396 919	434 071	454 142	465 884	474 293
Endring grunna bemanning		37 824	18 094	14 129	3 250	-4 471
Endring grunna timar til investering		-671	1 976	-2 387	5 159	0
Sum personalkost	396 919	434 071	454 142	465 884	474 293	469 822

Bruken av eksterne og leige frå føretaka er budsjettert på nokolunde same nivå i langtidsperioden, men ein større del kostnadene vil komme som ikkje-aktiverbart i staden for investering i takt med endringa i porteføljen. Dette vil gi auke av budsjett for eksterne tenester i driftsregnskapet. Det er i tillegg stor usikkerheit knytt til drift og forvaltning av nye nasjonale løysingar og skytenester, noko som kan komme som eksterne tenester i staden for intern forvaltning i Helse Vest IKT.

Reisekostnadar er lagt inn med ei innsparing på 10% i 2021, og deretter årlig innsparing på 5% i langtidsperioden grunna overgang til meir digital kommunikasjon og video/skype/teamsmøter.

Desktoppris

Vi ventar ingen vesentleg endring i prisen i langtidsperioden, men auka rentekostnadar vil måtte dekkast gjennom desktoppris.

Tilskot

Tilskot går gjennom Helse Vest RHF, og reduserer inntekt mot helseføretaka tilsvarende som reduksjon på Desktoppris, ikkje på det enkelte produkt/teneste.

- Helse Vest IKT får tilskot til å dekke drift og utvikling av medisinske register. Dette er budsjettert til 8,0 mill. i årleg inntekt i 2021 – 2025.
- I tillegg dekker Helse Vest RHF «meirkostnaden» til pensjon, og vi har estimert dette til 16,0 mill.

Leige lokaler

Viser til styresak 28/20 D «Areal for Helse Vest IKT på lengre sikt».

Helse Vest IKT leiger i dag lokalar frå helseføretaka og eksterne. I Bergen har vi tilsette i 6 ulike bygg, og det er ikkje nok kontorplassar og møterom, og det er heller ikkje godt egna til prosjektarbeid. I Stavanger, Haugesund og Førde har vi tilsette i 2 ulike bygg.

For å løyse utfordringane i Bergen på kort sikt er det inngått ein leigeavtale i Kronstadparken, der Kundesenteret og Styringsdata flytter inn før sommarferien.

På lengre sikt ser ein på muligheiter for å samle alle tilsette i Bergen i ett eller to bygg som er i nærleiken av Haukeland Sjukehus, og i Stavanger i ett eller to bygg som er i nærleiken av det nye sjukehuset. Dette vil gi betre samhandling internt i Helse Vest IKT, betre arbeidsmiljø og ein meir effektiv organisasjon.

Helse Vest IKT leiger i dag datahall eksternt i Stavanger, og vil flytte denne inn ny datahall hos Stavanger Universitetssykehus når dette er ferdig i 2023, og vil gjennom det få redusert kostnad.

Som følge av dette vil vi få ei auke i årleg husleige, og dette er lagt inn i økonomisk langtidsplan (i posten Driftskostnadar Anna).

Føresetnader og sjablongar

Her er lista dei viktigaste føresetnadene og sjablongane som ligg til grunn for budsjettet.

- Avskrivningar på eksisterande anleggsmasse er ført fram for heile budsjettperioden, pågåande prosjekt under utvikling er føresett produksjonssatt etter estimert avslutningsdato for prosjekta, og nye prosjekt er avskrivne over 10 år. Infrastruktur er avskrivne over 5 år, leigeutstyr over 4 år.
- Nye applikasjonar i porteføljen reknar ein vert produksjonssatt med halvparten i inneverande år og halvparten i neste.
- Sjablongar for vedlikehald og variabel forvaltning (i hovudsak nyttast faktisk kontrakt):
 - Lisensanskaffingar (aktiverbare brukarrettar) utgjer 30% av totalprosjekt
 - Fast vedlikehald utgjer 20% av lisens

- Konsulent (variabel forvaltning) utgjør 20% av fast forvaltning
- Vi viser netto faste vedlikeholdskostnader, men bak dette ligger brutto auke minus venta reduksjon som følgje av terminering av system med oppseiing av vedlikeholdskontraktar. Her er nytta same sjablongar som for tilgang av nye system nemnd over. Ein slik føresetnad om at ein kan sei opp vedlikeholdskontrakt så snart et system er ferdig avskrive er i praksis noko optimistisk (system vert ofte nytta lenger enn avskrivningstida).
- Finanskostnadar er kalkulert etter retningslinjer i Helse Vest:
Med bakgrunn i dette ber Helse Vest om at føretaka set renta i langtidsbudsjettet til 2 prosent i 2021, og med ei gradvis stigning til 2,4 prosent i 2025:

	2021	2022	2023	2024	2025
Renteprognose	2,0 %	2,1 %	2,2 %	2,3 %	2,4 %

Likviditet

	2021	2022	2023	2024	2025
KONTANTSTRØMMER FRÅ OPERASJONELL AKTIVITET:					
Resultat	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ordinære avskrivningar	329 215 322	329 998 340	341 219 446	376 665 628	374 387 528
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefaktur	-111 786 103	-109 809 632	-112 196 798	-107 037 439	-107 037 439
Endring i kortsiktig fordring/gjeld	0	0	0	0	0
= Netto kontantstrømmer frå operasjonell aktivitet	218 429 219	221 188 708	230 022 648	270 628 189	268 350 089
Periodisert pensjonskostnad	65 465 716	68 003 147	70 033 091	71 555 550	70 540 578
Betalt pensjonspremie	-62 000 000	-65 000 000	-67 000 000	-69 000 000	-70 000 000
= Endring i driftslikviditet	221 894 935	224 191 854	233 055 739	273 183 739	268 890 666
KONTANTSTRØMMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITET:					
Utbetaling applikasjonsprosjekt	-304 000 000	-249 000 000	-258 000 000	-262 000 000	-259 000 000
Infrastrukturinvesteringar	-108 000 000	-108 000 000	-95 000 000	-94 000 000	-96 000 000
Aktivert leieutstyr alle	-38 000 000	-43 000 000	-47 000 000	-44 000 000	-45 000 000
Investeringar frå føretaka	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefaktur	111 786 103	109 809 632	112 196 798	107 037 439	107 037 439
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	-353 213 897	-305 190 368	-302 803 202	-307 962 561	-307 962 561
KONTANTSTRØMMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITET:					
Innbetaling av nye lån frå Helse Vest RHF	280 000 000	160 000 000	140 000 000	100 000 000	100 000 000
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gje	-163 600 000	-83 300 000	-67 500 000	-67 500 000	-67 500 000
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet (netto lån)	116 400 000	76 700 000	72 500 000	32 500 000	32 500 000
Over-/underskuddslikviditet investeringar	-236 813 897	-228 490 368	-230 303 202	-275 462 561	-275 462 561
= Total endring likviditet	-14 918 963	-4 298 514	2 752 537	-2 278 822	-6 571 894
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	19 043 361	4 124 398	-174 115	2 578 422	299 600
= Utgåande likviditetsbeholdning	4 124 398	-174 115	2 578 422	299 600	-6 272 294

SAK 030-20

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 22.04.2020
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen
SAKA GJELD: Status for handtering av Korona-situasjonen

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 030/20 O

STYREMØTE: 29.04.2020

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar saken til orientering.

Oppsummering

Styret vil i styremøtet få ein oppdatert presentasjon med gjennomgang av status for arbeidet med og oppfølging av utbruddet av Korona-virus.

SAK 031-20

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 20.04.2020
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Søknad om langsiktig finansiering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 031/20 B

STYREMØTE: 29.04.2020

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 076/19 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2020 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om lån på 180 mill. kr.*

Oppsummering

Helse Vest IKT gjennomfører investeringar for helseføretaka innanfor IKT-området i tråd med avtalt opplegg for prosjektporteføljestyring. Helse Vest IKT AS søker Helse Vest RHF om utviding av det langsiktige lånet med 180 mill. kr. for å finansiere investeringane som er godkjent i prosjektporteføljen for 2020. Tilbakebetaling av lånet vil minimum skje i takt med innbetalingane via Tenesteavtalane med helseføretaka.

Fakta

Viser til sak 087/08 om langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Helse Vest IKT gjennomfører investeringar for helseføretaka innanfor IKT-området i tråd med avtalt opplegg for prosjektporteføljestyring.

Den vedtekne prosjektporteføljen krev ei auke av finansieringsramma for Helse Vest IKT med 180 mill. kr., jfr. likviditetsbudsjettet lagt fram i budsjett for 2020.

For detaljar vert det vist til styresak 076/19 handsama av styret i Helse Vest IKT i styremøtet 06.12.2019. Styret gjorde fylgjande vedtak i saka, jfr utdrag frå protokollen;

«Sak 083/18 B Budsjett for Helse Vest IKT AS for 2019

Oppsummering:

Helse Vest IKT har etter styremøtet 13.09.2019 hatt dialog med helseføretaka og Porteføljestyret om budsjett for 2020. Det har vore særleg fokus på portefølje og bemanning, der dei viktigaste områda er prioritert. I tillegg er det sett på arbeidsoppdrag, leveransar av PC og mobile einingar. Forslag til endringar i SLA for 2020 har ikkje gitt vesentlege endringar i budsjettet, jfr. sak 074/19.

Forslag til portefølje for 2020 vart handsama i Porteføljestyret 14.10.2019, der det vart tilrådd ei ramme for budsjett 2020 på 476,0 mill kr. til investering og 90,0 mill kr. til ikkje-aktiverbare kostnader (prosjektkostnader som ikkje kan aktiverast). Endeleg vedtak om porteføljebudsjett 2020 vert handsama i porteføljestyret 04.12.2019.

Utkast til budsjett for 2020 er 1 202,9 mill. kr., ei auke på 55,0 mill. kr. i forhold til prognose for 2019, og ei auke på 63,5 mill. kr. i forhold til budsjett 2019.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok budsjett for Helse Vest IKT 2020. Styret bad administrasjonen om å bearbeide budsjettet slik at effektar av effektivisering/automatisering vert auka til 2% (frå 16,4 mill til 23.0 mill).»

Likviditetsbudsjett 2020

	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTANTSTRAUMER FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETER:												
Månadens resultat	0	0	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Ordinære avskrivningar	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872	24 894 872
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerbare timar	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750	-8 902 750
Betaling av fakturaflyt frå 2018/overføring av flyt til 2019	-20 000 000										10 000 000	10 000 000
Forskotsbetalt/periodisert faktura for 2019 - heilårs	-25 000 000			-25 000 000			-25 000 000			-25 000 000		
Periodisert kostnad		12 500 000	12 500 000		12 500 000	12 500 000		12 500 000	12 500 000		12 500 000	12 500 000
= Netto kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar	-29 007 878	28 492 122	28 592 122	-8 907 878	28 592 122	28 592 122	-8 907 878	28 592 122	28 592 122	-8 907 878	38 592 122	38 592 122
Periodisert pensjonskostnad	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718	5 264 718
Betalt pensjonspremie		-15 000 000			-15 000 000			-15 000 000		-4 614 692	-15 000 000	
= Endring i driftlikviditet	-23 743 159	18 756 841	33 856 841	-3 643 159	18 856 841	33 856 841	-3 643 159	18 856 841	33 856 841	-8 257 851	28 856 841	43 856 841
KONTANTSTRØMMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETER:												
Utbetalinger applikasjonsprosjekt	-26 250 000	-26 250 000	-26 250 000	-26 250 000	-46 250 000	-31 250 000	-16 250 000	-17 250 000	-32 250 000	-32 250 000	-27 250 000	-27 250 000
Infrastrukturinvesteringar	-8 000 000	-38 000 000	-9 000 000	-7 000 000	-9 000 000	-7 000 000	-5 000 000	-4 000 000	-8 000 000	-8 000 000	-8 000 000	-9 000 000
Aktivert leigutstyr alle	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-5 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerbare timar	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750	8 902 750
= Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-29 347 250	-59 347 250	-30 347 250	-29 347 250	-49 347 250	-32 347 250	-14 347 250	-14 347 250	-34 347 250	-34 347 250	-30 347 250	-31 347 250
KONTANTSTRØMMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETER:												
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0	0	-1 500 000	0	0	0	0	-1 500 000	0	0	0
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0	0	-1 500 000	0	0	0	0	-1 500 000	0	0	0
Over-/underskuddslikviditet investeringer	-29 347 250	-59 347 250	-30 347 250	-30 847 250	-49 347 250	-32 347 250	-14 347 250	-14 347 250	-35 847 250	-34 347 250	-30 347 250	-31 347 250
= Total endring likviditet	-53 090 409	-40 590 409	3 509 591	-34 490 409	-30 490 409	1 509 591	-17 990 409	4 509 591	-1 990 409	-42 605 101	-1 490 409	12 509 591
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	30 000 000	-23 090 409	-63 680 819	-60 171 228	-94 661 637	-125 152 047	-123 642 456	-141 632 865	-137 123 275	-139 113 684	-181 718 785	-183 209 195
= Utgående likviditetsbeholdning	-23 090 409	-63 680 819	-60 171 228	-94 661 637	-125 152 047	-123 642 456	-141 632 865	-137 123 275	-139 113 684	-181 718 785	-183 209 195	-170 699 604
ubenyttet innvilget lån												
= Utgående likviditetsbeholdning inkl. ubenyttet	-23 090 409	-63 680 819	-60 171 228	-94 661 637	-125 152 047	-123 642 456	-141 632 865	-137 123 275	-139 113 684	-181 718 785	-183 209 195	-170 699 604